

## NOTAT

<b>GÅR TIL:</b>	Styremedlemmer
<b>FØRETAK:</b>	Helse Fonna HF
<b>DATO:</b>	04.04.18
<b>FRÅ:</b>	Administrerende direktør
<b>SAKSHANDSAMAR:</b>	Laila Nemeth
<b>SAKA GJELD:</b>	<b>Status bygg Haugesund 2020</b>
<b>STYRESAK:</b>	<b>17/18</b>
<b>STYREMØTE:</b>	<b>04.04.18</b>

### **Administrerende direktør si orientering notat 4**

2 vedlegg

Lukka, jf. Helseføretakslova § 26a, 2. ledd punkt 2

Styret får månedleg tilsendt månadsrapport angående utbyggingsprosjektet ByggHaugesund2020. I rapporten framgår at byggegrupp held plan med ferdigstilling desember 2018. 3 store aktørar er prekvalifisert til totalentreprise B02. Det vil verta orientert meir om denne prosessen muntleg i saka. Entreprisestrategi for denne er tidlegare behandla i styremøtet. Tilbudsfrist er satt til 31. mai 2018 noko som er 3 veker tidlegare enn satt i plan.

Fyrste runde med forhandlingar er satt til 11-15 juni 2018. Etter inngåing av kontrakt startar samspillsfasen med valde entreprenør.

Alle andre prosjekterande delprosjekt er i rute. Det vert i løpet av april fatta vedtak knytt til gjennomføring og tidsplan på adkomstplass og ombygging nytt sentrallager.

Det er utarbeida eit prosjektstyringsverktøy, og tilsett eigen prosjektstyrar med god erfaring i dette. Styret vil verta vist eksempel på korleis dette blir brukt i framlegg i saka.

Det er og utarbeida prosjektdirektiv for byggefasen samt HMS strategi knytt til ByggHaugesund2020. Dette vil verta orientert om i styremøtet 28. mai 2018.